

Holshaugen

Av Knut Raastad, 2017



Holshaugen var husmannsbruk under Mo i Nordherad og låg om lag der Neremo er i dag. Husa låg på haugen ovanfor tunet på Neremo. Holshaugen er også ofte nemnd som Moseie. På 1600-talet er det nemnd Holen under Mo eller ein plass Holen i Mojordet. Mange namn i området på Neremo og nedre delen av Mo har namn samansett med Holen (Holsmyra, Holslego, Holsåkeren, Holsflata, Holshaugen og Holsreina). Dette tyder på at Holen var ein gammal gard som har kome under Mo og at ein del av det har vorte teke i bruk att som husmannsbruk.

Manntalet 1666 nemner husmann under Mo Knut Andersson Holen f.ca.1603. I 1673 er nemnd Knut Holen og ein plass Holen i Mojordet. I 1666 er nemnd sonen:

Anders Knutsen f.ca.1631

Skoskatten 1711 nemner huskvinne under Mo Anne Knutsdotter, men om dette var her er usikkert.

Folketelling 1801 viser husmann på Mo Erik Johanesen f.ca.1761 og Marit Jonsdotter f.ca.1757 og dette kan vera på Holshaugen. Erik og Marit hadde 2 barn:

Sigri f.1789

Marit f.1793

I 1821 er ein ny familie nemnd på Mosejet. Enkjemann Hans Pedersen vart 1808 gift med Kari Olsdotter f.ca.1779 d.1857. I 1815 var dei inderstar på Brattland og i 1818 på Kvarbergseie. Hans og Kari hadde 5 barn:

Barbro 1811-1887, seinare brukar

Ingbjør 1815-1815

Anne f.1818, seinare brukar

Peder 1821-1821

Rannej 1822-1862

I 1838 var Anders Thorsen 1790-1863 husmann i Holshaugen. Han var gift med Barbro Olsdotter Valbjørslykkja f.1796. Frå 1840 var familien på Tassmyrhaugen. Anders og Barbro hadde 7 barn:

Tor 1822-1861, g.m. Ingrid Erlandsdtr. Skålen 1821-1903

Ola 1824-1827

Per f.1827, g.m. Rønnaug Johannesdtr.

Ola f.1830 g.m. Marit Skjellstadbakka. Dovre.

Rannei f.1834, til Rennebu 1876.

Anders f.1838, g.m. Embjørg Kværnstuen (Lom), g.2.m. Marit Åteigen, Dovre

Marit f.1841, g.m. Peder Knutsen Skultbakken f.ca.1846. Til Amerika 1879.

Barbro Hansdotter Holshaugen 1811-1887 vart 1834 gift med Erik Knutsen Foldmoen 1811-1864. Dei budde på Holshaugen og i 1841 er dei nemnde som husmannsfolk der. I 1843 er dei

i Sagrusten (Kattholet) medan dei i 1846 og 1849 bur i Holshaugen og frå 1852 i Sagrusten. Erik og Barbro hadde 8 barn:

Knut f.1833, nemnd som Holshaugen i 1863, g.m. Ingeborg Sølfestdotter frå Lom
Kari f.1836, g.1862 m. Haagen Torgersen Spielplads (Tynset) f.ca.1833, i Holshagen 1865,
til Kristiansund i 1873

Mari 1841-1843

Mari f.1843

Kari 1846-1949

Hans 1849-1850

Johannes f.1852, utflytt til Kristiansund 1868

Anne 1855-1919, g.m. Anders Steinom 1854-1931. I Kattholet.

Anne Hansdotter Hoelshaug 1818-1892 vart 1841 gift med Syver Simonsen Berge 1811-1891, og det ser ut til at dei da har overteke som husmenn etter syster hennar Barbro. Anne og Syver er nemnd på Holshaugen både i 1865 og 1875 og likeeins var dei på Moseie da Syver døydde i 1891. Det ser ut til at Anne og Syver var barnlause.

Ole Jonsen Stordalen f.1861 var truleg son til Rannei Rasmusdotter Stordalen f.1833. Ole vart 1890 gift med Johanne Jonsdotter Sønstlien (Bondesonsplass) 1855-1941 dotter til Jon Jakobsen Ringnesseet 1820-1882 og Guri Olsdr.Sønsteng f.1820. I 1893 er Ole og Johanne nemnd på Holshaug under Mo. Ole og Johanne hadde 6 barn:

Jon f.1887

Ranej 1888-1888

Gunild f.1893

Guri f.1890

Anne f.1899

Ragnhild 1902-1936, ugift

I 1865 var det på Holshaugen 1 hest, 4kyr, 8 sauer og 5 geit. Det vart sådd 3/4 tønne bygg 1/2 tønne poteter.

Kjelder:

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter kyrkjebok, grunnbok, pantebøker mm.

Manntal 1666

Folketeljing 1801, 1865, 1875

Skoskatten 1711